



Innkalling av Valstyret

Møtedato: 21.04.2016
Møtestad: Konferansesalen
Møtetid: 11:00 - 11:30

**Møtet halde same dag som møte i Formannskapet.
Varsel om møte sendt pr. epost til medlemene dagen før**

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2016	Godkjenning av møtebok
003/2016	Gjennomføring av folkerøysting 23. mai 2016

29. april 2016

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/97

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2016	Valstyret	PS	21.04.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/97

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2016	Valstyret	PS	21.04.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 15.09.2015

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 001	16/55

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2016	Valstyret	PS	21.04.2016

Gjennomføring av folkerøysting 23. mai 2016

Forslag til vedtak:

Notat med framlegg til oppfølging lagt fram i møtet

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vedtak kommunestyresak 016/2016 den 10.03.2016 der valstyret og rådmannen fekk delegerte oppgåver for førebuing og gjennomføring av folkerøystinga.

Vurdering

I samråd med ordførar la rådmannen fram følgjande notat med framlegg i møtet:

Valkort - Anneli tingar

Utlegging av manntal - Anneli kunngjer

Utforming av røystesetlar - valstyre

- Modalen skal halde fram som eigen kommune
- Modalen skal gå inn i ein ny «Nordhordland kommune»
- Blanke

Røystemottakarar ved førehandsrøystinga

Rådmannen utnemner desse: Anneli, Eva, Aina, Oddvin, Øivind, Tom Kristian

Førehandsrøysting

9. mai – 21. mai (NB – valstyret utvida perioden til og med laurdag 21. mai)

Førehandsrøystinga skal føregå på Kommunehuset frå kl 10.00 -14.00 på arbeidsdagar.

Laurdag 21. mai ope frå 11.00 - 14.00 (røystemottakarar Kjetil og Tom Kristian)

Modalstunet Anneli vel dag etter avtale med Margrethe
Ambulerande røysting – annonserer tilbud som ved ordinært val

Postrøysting

Ikkje praktisk mulig

Tid og stad for røysting på valtinget

Øvre Helland – samfunnshuset 12.00 -18.00

Mo – samfunssalen på Mo 12.00 -18.00

Røystestyre

Ikkje valt røystestyre for den nye kommunestyreperiode. Kontaktar derfor tidlegare røystestyre og supplerer med medlemmer frå valstyre ved behov

Øvre Helland

Aud Sonja Fjellanger , leiar

Siv Aina Gullbrå, nesteleiar

Aslaug Farestveit

Gunnhild Steinsland

Mo

Signy Vikane, leiar

Ove Eidsnes, nesteleiar

Steinar Nordås

Jarle Midtun

Valstyret deltek ved optellinga.